

# Referat frå styremøte



**Stad:** Kjellarstova Dølehalli  
**Tid:** Onsdag 29. august 2018 Kl.: 19:00 – 20:30  
**Til stades:** Geir Notodden, leiar  
Aksel Andersen, medlem  
Björg Nordlien, medlem  
Kåre Slåtta, medlem  
Solveig Jamgrav, rekneskapsfører  
**Fråvær:** Hege Bjåland melde ikkje fråvær før møtet. Vararepresentant møtte ikkje.  
**Kopi til:** Astrid Åmot, varamedlem  
Terje Nilsen Haugen, varamedlem  
Nunnun Gjersund, varamedlem  
Ottar Gjersund, varamedlem

*Varamedlemmer blir innkalla til alle styremøte og mottar alle referata. Desse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når de stiller for en namngitt fast representant. Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemma møter i ditt namn.*

## Sak 1/18

### Regnskap

Rekneskapsfører, Solveig Jamgrav, presentera hovudtal frå rekneskapen. Tala syner at økonomien vert anstrengt ut året og at me ikkje har naudsynt handlingsrom til å gjera investeringar. 17. mai tilskipinga gjekk med 1.700 kr i underskot. Me har fengje 4.000 kr i bonus på forsikringa Kulturmidlane utgjer 5.000 kr for 2018 Dyrskudugnad 2017 har gjeve oss kr24.000

#### Behandling:

Styret tek orienteringa til etterretning og meiner at me ikkje må bruka midlar utover det som tidlegare er avsett til ulike føremål.

#### Konklusjon:

Me set i gang med drenering rundt skulebygget. Sjå eige sak.  
Me set i gang haustbasar. Sjå eige sak

#### Handling:

**Styreleiar tek kontakt med Elektroinstallatør for montering av varmpumpe i peisestoge.**

## Sak 4/18

### Skolebygget

Vedlikehald, utbetring, utleige.

#### Behandling:

Styret ynskjer å få drenera rundt bygget for å hindre vidare skader og stoppe fuktproblema.

Geir orientera om det arbeidet som har vore utført i samband med naboens tilkopling av vatn.

#### Konklusjon:

Styret er einige om at me i haust gjennomfører dreneringsarbeidet. Dette er kostnadsrekna til ca 10,000,- kroner

#### Handling:

**Aslak tek ansvar for gjennomføring av dreneringsarbeidet og kallar inn den bistand han finner naudsynt for ei god og effektiv gjennom føring.**

## Sak 8/18

### Setningsskade i dusjanlegg.

Orientering om saka og konsekvensar.

#### Behandling:

Styret tok ein kort befaring i dusjanleggets omkleddingsrom for herrar. Kunne konstatere at flisane hadde løsna frå golvet nå også inne i dusjrommet. Tidlegare har me berre konstatert skade i omkleddingsrommet. Likeins kunne me sjå at flisane på

veggen hadde sprukke frå tak til golv. Dette på den same aksen gjennom bygget som golvflisane er øydelagde.

Konklusjon:

Styret seier seg einig med takstmann som har vore på befaring tidlegare i år. Han meinte at det skyldast setningsskader i bygget. Basert på byggets alder og skadeomfang, er dette ikkje ein forsikrings sak.

Handling:

*Det er ikkje naudsynt med ei augeblikkeleg handling, men styret tek upp saka på eit seinare møte.*

**Sak 9/18**

**Basar.**

**Planlegging av haustbasaren.**

Behandling:

Basarinntektane er fallanda, men utgjer likevel ein stor inntekt for Dølehalli. Signala frå bygda er todelte, nokon positive, nokon negative. Oppslutnaden og inntektene er svært gode sett i forhold til innbyggartal.

Konklusjon:

Me gjennomfør haustbasaren i tradisjonell forstand, men legg inn nokon «ekstra» freistingar får publikum. Styret slo frampå om korbesøk, korpsbesøk, auksjon, underhaldning av lokale krefter og anna. Etter gjennomføringa skal tilskipinga grundig evaluerast med omsyn på kost-nytteeffekt. Det vil gje oss ein konklusjon på om detta tiltaket framleis har livets rett i bygda.

Handling:

***Björg Nordlien*** får ansvar for basaren og kallar inn den bistand ho finn naudsynt for å gjennomføra dette på ein god måte.

**Sak 6/18**

**Diverse.**

Ikkje på nokon styremøte i år har det møtt vararepresentantar til tross for at styret ikkje har vore fulltalig.

Konklusjon:

Styret bør av sjølv sagte grunnar vera fulltalig på møta. Dette har både med juridisk ansvar, styringsdyktigheit, innspel og gjennomføring av dei ulike sakane å gjera.

Handling:

***Styrelsiar*** tek kontakt med dei det gjeld og syter for at praksisen blir endra for framtida.

***Neste møte er fastsett til onsdag 26. september 2018 kl 19:00***

*Møt godt forberedt slik at vi ikkje går over den fastsette tida.*  
*Helsing Geir*